Kommunal målsetting for hjort 2025-2030

Berekraftig forvaltning av hjort etter økologiske prinsipp i Alver kommune

Ansvarleg institusjon Alver kommune	
Tittel: Kommunal målsetting for hjort 2025-2030	
Forfattar: Mikkel Bengtsson	**Tal sider:** **11**
Kommunalt prosjektansvarleg: Mikkel Bengtsson	**Dato** **28.04.25**
Emneord: Hjorteforvaltning, adaptiv, berekraft, naturmangfald, naturtypar, jordbruk, produksjonsskog, blandingsskog, kvalitetsnorm, økosystem	
Alver kommune Postboks 4 5906 Frekhaug Tlf: 56 37 50 00 www.alver.kommune.no	

Innhold

Berekraftig forvaltning av hjort etter økologiske prinsipp i Alver kommune 2025-2030. 4
Bakgrunn og formål 4
Målsetting for forvaltning av hjort. 5
Hovudretningslinjer og prinsipp for avskytingsplanlegging og uttak 5
Kvalitetsnormer for uttak og bestand etter jakt 6
Metodikk for monitering av bestandsstorleik og bestandsparameter. 8
Skadetoleranseverdiar og omsyn til utvikling av jordbruk, skogbruk og natur 8
Jordbruk 8
Skogbruk 8
Mangfald/ biodiversitet 9
Påkøyrsler av hjort 10
Bestandsplanbasert hjorteforvaltning: 10
Kravspesifikasjon for bestandsplanar 11

Berekraftig forvaltning av hjort etter økologiske prinsipp i Alver kommune 2025-2030.

Bakgrunn og formål

Hjort er ein ikonisk vital del av det Vestlandske økosystem og påverkar naturlege økologiske prosesser gjennom beiting, bakkeslitasje, næringsstoff-syklus og frøspreiing. Ytterlegera bidrar hjortebestanden til naturopplevingar for både befolkning og jegerar og utgjer ei sunn berekraftig kjøttressurs. Likevel kan unaturlege bestandstettheiter av hjort forårsake betydelege økologiske og sosialøkonomiske ulemper, negativ kvalitetsutvikling i bestanden og påverke moglegheiter for å handtere klimaforandring og mangfaldstap.

Målsettinga byggjar på ei holistisk orientert tilgang til forvaltning av hjort og balansering mellom landbruksinteresser, naturbeskyttelse og betre dyrevelferd. Hjorteforvaltninga er oppbygt etter at forvaltninga skal være lokal, adaptiv og økosystembasert.

Forvaltninga av hjort i Alver kommune skal sikre at statistikk, forsking og monitering bidrar til implementering av nasjonale og globale sosiale, økonomiske, biologiske og klimatiske utfordringar i hjorteforvaltninga. Hjortebestanden skal være balansert med omsyn til lokalt kulturlandskap og endring i landskapsstruktur for å sikre omstilling, handlingsrom og endringsmoglegheiter, avhengig av nasjonale retningsliner. Målsettinga skal bidra til realisering av nasjonale visjonar, strategiar og mål samtidig med oppfylling av nasjonale forpliktingar for hjorteviltforvaltninga.

Målsettinga skal optimere berekraft i den lokale forvaltning av hjort ved tilpassing av hjortepopulasjonen sin storleik utifrå fastsette toleranseverdiar for skadar i landbruk og på natur samt ønskja utviklingsretning for disse.

Hovudfokus er å oppnå ei positiv utvikling i hjortebestandens kondisjon, hanndyras alder og reproduksjonsgrad i bestanden. Som ledd i dette introduserast kvalitetsnormer for uttak og den levande bestand etter jaktsesong. Dette er meint som eit supplement til den vanlege løyvetildeling og skal fungere som eit styringsreiskap til faglege kvalitetssikringsrutinar for jegerar og hjortevald. Det er vektlagt at kvalitetsnormer og anbefalingar for aldersklasse, samt selektive avskytingsprinsipp for hanndyr direkte kan integrerast i det praktiske uttak av hjort.

Dei kommunale måla skal fungere som tydelege retningsliner for jaktrettshavere som ønskjer å bidra i bestandsforvaltninga, og måla legg føringar for bestandsplanane utarbeida av jaktrettighetshavarne.

Målsetting for forvaltning av hjort.

- Forvaltninga skal sikre ein stabil, berekraftig og dynamisk populasjon av hjort som er tilpassa lokalt leveområdes fôrkapasitet, landbruksmessig arealbruk og landskapsforvalting. Den lokale bestand må ikkje være til hinder for framtidig landskapsutvikling, bevaring og restaurering av natur eller klimatilpassa landbruk og matproduksjon.

- Økologisk uttak av hjort skal leggja til rette for naturleg aldersstruktur og einsarta kjønnssamansetting i bestanden for å betre brunstseleksjon og brunstprosess samt auke vekstrate og kroppsvekt. På lokalt nivå skal alderssamansetninga av både kjønn sikre at det finnast tilstrekkeleg vitale og produktive individ i alle aldersklasser inkludert aldrande individ.

- Forvaltninga skal gjennomførast slik at bestandsstorleiken tilpassast utifrå toleranseverdiar for beitetrykk på foryngingsfeltar i HKL. 2, borkgnag på gran og furu i HKL. 3 og 4 samt skadar på grasproduksjons- og beitingsområder.

- Forvaltninga skal anerkjenna at hjort er ein fast og nødvendig bestandsdel i eit fungerande dynamisk økosystem, men må samstundes sikra at bestanden ikkje reduserer naturen sin produktivitet og/ eller mangfald på kort eller lang sikt.

- Hjorteviltforvaltninga skal være kunnskapsbasert og suksessivt kunnskapsoppbyggande.

- Forvaltninga skal ivareta omsynet til berekraftig utvikling og utnytting av hjortepopulasjonen for langsiktig hausting, naturopplevingar, matproduksjon og næringsutvikling.

Hovudretningslinjer og prinsipp for avskytingsplanlegging og uttak

Løyvetildelinga skal gjennom tall og fordeling på dyrekategori oppfylle dei forskjellige målsettingar knytt til nivå av skadar årsaka av hjort, og samansetting og utvikling i bestanden.

Jaktuttaket skal etterlikne naturleg økologisk mortalitetsmønster for hjorteviltbestander påverka av stort rovvilt. Planlegging av uttak skal vere adaptiv og løypande bli justert etter endring i bestanden.

Den overordna løyvetildelinga for det spesifikke vald tar utgangspunkt i hjortevaldets fellingsprosent og hjortevaldas faktiske uttaksfokus på alders/ kjønnskategoriar dei føregåande sesongar. Vald med store avvik mellom kjønns- og aldersfordeling i tildelinga og det faktiske uttaket vil oppleve høgare detaljgrad i tildelinga frå kommunen.

Beslutninga om bruk av kvalitetsnormer, samt anbefaling for aldersklasse og selektivt uttak av hanndyr ligger hos valda.

Kvalitetsnormer for uttak og bestand etter jakt

Kvalitetsnormer			
	Dårleg	**Middels**	**God**
Kvalitetsindeksar sett/ skutt hjort			
Gjennomsnittsvekt hannkalvar	23-26kg	26-29kg	> 29kg
Gjennomsnittsvekt hokalvar	21-24kg	24-27kg	>27kg
Gjennomsnittsvekt fjorkoller	44-47kg	47-50kg	>50kg
Bestandsindeksar sett hjort			
Sett kalv per kolle	0,55-0,65	0,65-0,75	0,75-0,85
Sett kolle per bukk	1,5-2	1,0-1,5	< 1,0
Sett spissbukk per bukk	> 0,4	0,2 - 0,4	< 0,2
Uttaksindeksar			
Uttaksprosent kalv	35-40%	40-45%	> 45%
Uttaksprosent ungdyr (kalv og fjordyr)	< 65-68,5%	68,5-70%	>70%
Kalveuttak pr eldre kolle	1:1,5-1:1,75	1:1,75-1:2	>1:2

Hanndyr

Det skal gjennom uttaket sikrast at andelen bukk og spesielt andelen fysisk utvaksne hanndyr (6-14 år) i bestanden er tilstrekkeleg slik at deira essensielle økologiske rolle i brunsten optimerast. Forvaltninga skal framprovosere at dominante bukkar vandrar til andre område enn der dei er født for genetisk utveksling. Bukkane skal naturleg opprette flokkar utanom brunsten. Brunstmortalitet er uttrykk for naturleg brunstkonkurranse.

Uttak av pinnebukk og eldre bukk vil bli planlagt samla for heile kommunen. Det planleggast ei utskiftingsgrad på maksimalt 12% av den kohort-estimerte eldre bukkebestand. Eventuell reduksjon av tal eldre hanndyr skal skje gjennom minking av rekrutteringa frå pinnebukk segmentet.

Uttaket av hanndyr skal maksimalt utgjere 48% av totaluttaket.

Delen av pinnebukk i den tilbakelevande bestanden skal ikkje overstige 15% i den kjønnsfordelte bestand etter jakt.

Hodyr

Hovudfokus er å bevare modne produksjonskoller i bestanden og redusere, samt kvalitetssikre rekrutteringa mellom aldersklassene: kalv/ fjorkolle, fjorkolle/ ungkolle og ungkolle/ utvaksen kolle. Disiplinert jegerselektivitet skal forbetre reproduksjonsgraden hos fjorkoller gjennom høgt uttak av kalv/ hokalv. Rekruttering av fjorkoller til produksjonsapparatet skal vere lågt for å fasthalda produksjonen på hovudsakeleg utvaksne dyr. Det er eit klart mål at vårbestanden så langt det er råd skal bestå av individ som aktivt er i produksjon eller individ med så god kvalitet at dei kan gå inn i produksjonen.

Uttaket av hodyr er direkte relatert til kontroll av populasjonsstørrelse. Delen av fjorkoller i den tilbakelevande bestand skal ikkje overstige 15% i den kjønnsfordelte bestand etter jakt.

*** Anbefalingar for prosentvis uttaksfordeling av hjort forutsett strukturert aldersfordeling og einsarta kjønnssamansetting.**

Kjønn	Alderstrinn	Aldersklasse	Uttaksprosent*	Uttaksanbefaling
Hokjønn	Ungdomsklasse (hokalv og fjorkolle)		~70%	Individ med under gjennomsnittleg kroppsmessig utvikling
	Eldre koller	II, III og IIII	~30%	Dyreetisk uttak av individ med under gjennomsnittleg kroppsmessig utvikling.
Hannkjønn Målalder 12 år	Ungdomsklasse (hannkalv og pinnebukk)		~70%	Individ med under gjennomsnittleg kroppsmessig utvikling. Pinnebukk med spisse, sylforma, blankpolerte takker med maksimal lengde på halvanna gongar ørehøgde.
	Ungbukk 2-4 årige	II	~15%	Pinnebukk. Firetakker med øyetakk. Sekstakker med svake/ knapt synlege midttakk, lengre øyetakker og lange hvitpolerte spisse stangender. Åttetakker med svake toppender. Titakker **uten kroner**. Finnes ingen klasse II bukk som oppfyller uttakskriteriene kan ei uttaksnødvendig pinnebukk skytes.
	Mellombukk 5-9 årige	III	~0-5%	Inget planmessigt uttak. Bukk **uten kroner eller med enkeltsidig krone** kan formålstjenlegt bli tatt ut. Finnes ingen klasse III bukk som oppfyller uttakskriteriene kan ei uttaksnødvendig bukk i II eller pinnebukk skytes
	Vaksen bukk 10 år+	IIII	~10%	10 år: bukk uten kroner eller med enkeltsidig krone. **12 år: Bukk med krone på begge stenger** og alle andre bukker. Finnes ingen 10 års+/ 12 års+ som oppfyller uttakskriteriene kan ei uttaksnødvendig bukk i klasse II eller formålstjenleg klasse III skytes.

Metodikk for monitering av bestandsstorleik og bestandsparameter.

Den målstyrde bestandsforvaltning av hjort skal anvende fagleg grunna avskytingsplanlegging relatert direkte til faktuell informasjon om bestandens storleik og demografiske samansetning.

Forvaltninga skal til ei kvar tid framskaffe oppdaterte pålitelege bestandsindeksar og robuste estimat over hjortebestandens størrelse samt utviklast kontinuerleg gjennom kvalitetssikring av jegerrapportert data.

- Kommune og jaktrettshavere skal nytte Hjorteviltregisteret (heimla i hjorteviltforskrifta § 32 - 33) og fortrinnsvis dei elektroniske løysningane for oppfølging av jakta og registrering av data for sett hjort, felt hjort og slaktevekter. Data skal være korrekte og med presist vegde vektar. Forvaltninga vil ta utgangspunkt i tilgjengeleg informasjon i hjorteviltregisteret om fellingsstatistikk, kjønnsfordeling, tilvekstrate, slaktevekt etc.
- Forvaltingtiltakas påverknad på bestanden vert kontrollert gjennom tannsnitts- og kohort analyse av uttaket kvart 3-5 år for fastsetting av bestandsstorleik, bestandstilvekst og bestandens demografiske utvikling.

Skadetoleranseverdiar og omsyn til utvikling av jordbruk, skogbruk og natur

Jordbruk

Forvaltninga av hjort skal oppnå ei haldbar balanse mellom den lokale bestandens størrelse, jordbrukets produktivitet og økonomisk drivverdigheit. Det skal sikrast at jordbrukseigedomars driftsformål og ønskja fleirsidigheit i drifta kan nåes på kort og lang sikt.

- Registrert økonomisk skadenivå av hjort på produksjonstilskotsberettiga grovfôrareal og innmarksbeiteareal skal ikkje overskride tap høgare enn 100 kr. Pr. daa.
  I viktige grasproduksjonsområdar til mjølkeproduksjon får produksjonstapet ikkje overskride 10 % av normal årleg produksjon.
- Grovfôrproduksjon kan skje utan omfattande inngjerding med viltgjerde av velgjødsla areal.
- Hjortestammens beitetrykk skal i minst mogleg omfang lokalt ha betyding for optimalt val av såfrøblanding og fornyingsintervall av eng og innmarksbeite.

Nødvendigheita av inngjerding av oppmagasinerte rundballar, frukt, bær,- og grønsaksproduksjon er akseptabelt. Det vert oppfordra til at bonden brukar referansegjerder på grasproduksjonsareal for å dokumentere nivå av skadar.

Til registrering av geografisk fordeling og omfang av økonomisk skade på avling på areala i jordbruket vil det bli nytta spørjeundersøkingar til bønder som mottek produksjonstilskott.

I område kor dei fastsette toleranseverdiane for skadar på jordbruk er passert skal kommunen umiddelbart forsøke å auke uttaket i det aktuelle hjortevald og i omkringliggande hjortevald. Auke i kvote skal uavkorta rettast mot hodyr og kalvar.

Skogbruk

Tilpassing av bestandstettheita av hjort på lokalt nivå skal sikre ei klimatilpassa og berekraftig skogbruksforvaltning med lokal og nasjonal verdiskaping, utviklingsmoglegheiter for biologisk mangfald i produksjonsskog og omsyn til samfunnsinteresser. Fokus er å sikra ei klimabidragande,

kostnadseffektiv og langsiktig levering av bygningstømmer med høy substitusjonsverdi. Forvaltninga av hjort i Alver kommune skal kunne fastholde det produktive areal for skogsmark og tilpassast etter det kraftig aukande foryngingsareal og registrerte nivå av skade på skog under oppvekst.

Mål for hjorteviltforvaltninga;

- Etablering og forynging av produksjonsbarskog/ edellauv/ lauv skal kunne bli føretatt utan omfattande bruk av inngjerding, bruk av plantetubes, kappeplanting eller påføring av kjemisk/ biologisk skytsmidlar annet enn der kan påførast planten innan planting.
- Toleransenivå for skotbeiting av hjort i planta foryngingsfelt HKL 2 får ikkje overstige 10% registrert på vertikale toppskott.
- Toleransenivå for frisk årleg borkgnag i produksjonsskog (total sommar og vinter borkgnag) på gran og furu får ikkje overstige 1,5% av framtidsstammar.
- Påskoging kan uproblematisk bli iverksett i eventuelle framtidige skogreisingsområdar og erstatningsareal for nedbygging.
- Mogleggjere omstilling i skogbruket frå einsaldrande monokulturar av norsk gran til fleirsidig lokalitetstilpassa klimastabile blandingsskogar, kantsoner, lauvtrebryn, spreiingskorridorar for mangfald og nyklebiotopar med planting av edellauv/ lauv etter naturnære skogdyrkingsprisippar.
- Hjortestammens beitetrykk skal ha minst mogleg innflytelse på lokalitetstilpassa skogbruk og bruk av naturleg forynging i fleirsjikta kontinuitetsskogar.
- ROS arter skal kunne utvikle seg som tre der dei er naturleg førekommande

Nødvendigheita av inngjerding av juletre- og pyntegrønt produksjon er akseptabelt.

Forvaltninga skal arbeide for å skape forståing og veten om betyding av dagsaktivt kronvilt og styring av hjortebestanden til areal kor skadar ikkje er økonomisk betyande. Dette gjennom integrering av forstyrringsfri sonar, høgintensitets jaktareal og intervalljaktprinsipp i den praktiske jaktplanlegging.

I område kor dei fastsette toleranseverdiane for skadar i skogbruk er passert, skal kommunen umiddelbart forsøke å auke uttaket i det aktuelle hjortevald og i omkringliggande hjortevald. Auke i kvote skal uavkorta rettast mot hodyr og kalvar.

Registrering av geografisk fordeling og omfang av beitetrykk på foryngingsareala vil ta utgangspunkt i fysisk kontroll av feltar som har mottatt NMSK tilskott til forynging. Kontrolltidspunkt er 3 år etter planting for å kvalitetssikre registreringa utan innflytelse frå planteavgang årsaka av snutebiller. Kommunen skal kontrollere minimum 50% av dei årlege foryngingsareala gjennom stikkprøvar.

Fortløpande registrering av borkgnag i felt vil ikkje bli føretatt av kommunen, men skal innmeldast av skogeigar.

Mangfald/ biodiversitet

Beitetrykket av hjort skal styres slik at naturskog, urskog, vestnorsk regnskog og nøkkelbiotopar bevara deira naturlege struktur, artsdiversitet og økologiske utvikling. I verneområde, naturreservat og i omsynssonar skal bevaringsmål og forvaltingstiltak for disse, være medbestemmande for hjorteforvaltninga. Bestanden av hjort må ikkje negativt influere på oppnåing av desse områdas forvaltningsmål.

- Skottbeiting på unge og middelaldrande tre og borkgnag på gamle, samt eldgamle tre av alm, styvingstre, barlind, bøk, ask, eik, rogn, osp, selje og furu skal unngås for å beskytte og utvikle naturverdiar og artsmangfald knytt til desse treslag. Desse treartar skal naturleg kunne forynge seg og skal kunne utvikle seg som tre der dei er naturleg førekommande.

- Lett til moderat beitetrykk av hjort på blåbærlyng skal sikre forynging og etablering av samanhengande områdar med blåbærdekning.
- Hjortebestanden skal ikkje være til hinder for restaurering av nykkelbiotopar. Ved restaurering av myrareal skal erosjons- og beiteskadar frå hjort reduserast mest mogleg.
- Forvaltninga skal skape individ som naturleg døyr av alderdom for mangfald/ kadaver i naturen.

Påkøyrsler av hjort

Alver kommune skal redusere omfang av viltpåkøyrsler gjennom aktiv iverksetting av ulykkesførebyggande tiltak:

- Detaljert historisk og geografisk kartlegging av hyppige kryssingspunkt langs vegstrekningar med høg intensitet av påkøyrsler.
- Søke tettare dialog og samarbeide med vegmyndigheit og grunneigar om ulykkesførebyggande tiltak, eksempelvis siktrydding av kantvegetasjon, skilting, fartsreduksjon og viltgjerde i kombinasjon med viltovergongar/-undergongar langs vegstrekningar med mykje hjortepåkøyrsler
- Arbeide for at hjortevald tar ansvar for uttak av stasjonære dyr i område kor hjortens trekkmønster mellom leveområde i skogen og beiteområde på innmark fører til auka sannsynlegheit for kryssing av veg
- Lokal reduksjon av hjortebestanden i alle område med uakseptabelt nivå av påkøyrsler.
- Kommunen skal umiddelbart søke dialog med grunneigar og hjortevald rundt Romarheim og Gamlesetre for å aktivt iverksette tiltak til reduksjon av påkøyrsler av hjort på E39.
- Alver kommune skal aktivt iverksette kvalitetssikring og utvikling av kommunalt ettersøk, både lokalt og interkommunalt. Utvikling av kommunalt ettersøk av påkøyrt hjort skal sikre at minimum 40% av påkøyrte individ som forlèt vegbana blir funne og avliva under ettersøk. Hjort som finnes død under ettersøk innafor 100 meter frå påkøyrselsstedet vert ikkje telt med.

Hjort som er trafikkdrepe eller avliva under ettersøk vil bli etterlat i naturen til naturlig nedbryting av mangfald, økologiske og økonomiske orsakar. Kommunen skal unngå å etterlate avliva dyr i nedbørfelt for drikkevassforsyningar, direkte synleg på grasproduksjonsareal og i direkte nærheit til turstiar.

Kommunen kan av eige tiltak iverksette uttak av bestemte individ av hjort når dei oppheld seg på, eller i trafikkerte eller tettbygde område, og dei utgjer ein fare for skade på person eller skapar trafikkfarlege situasjonar.

Bestandsplanbasert hjorteforvaltning:

Bestandsplan er ein bindande avtale mellom valdet/bestandsplanområdet og kommunen.

Bestandsplanen tar for seg på kva måte eit vald eller bestandsplanområde vil forme og forvalte hjorteviltbestandane i sitt område og bør utarbeidast i medhald av kravspesifikasjon for bestandsplan. Bestandsplanar skal oppfylle den kommunale målsetting for hjort i Alver kommune.

Dersom det oppstår avvik frå bestandsplanen, bør avviket med eventuell orsak beskrivast i ein rapport til kommunen. Vesentleg avvik i alders- og kjønnssamansetning av det totale uttaket i

avskytingsplanen, samt avvik frå bestandsplanens forutsetningar kan føre til at kommunen trekk godkjenninga tilbake, eller eventuelt ikkje godkjenner ny bestandsplan. Med «vesentleg» meines her avvik større enn 10 % av den årlege fellingskvoten, som kommunen tillèt overført frå eit år til eit anna innanfor den anbefalte planperiode på tre år. Tildelinga av hanndyr til bestandsplanområda kan differensiere frå hjortevald med årleg tildeling.

Totalt tildelt fellingskvote i planperioden skal på ingen måte passerast. Felling ut over tildelt kvote vil måtte bli handtert som ulovleg felt hjortevilt.

Kravspesifikasjon for bestandsplanar

Bestandsplanane bør som minimum innehalde ein beskriving av følgande punkter:

- Beskriving av planområdet
- Planperiode bestandsplanen gjeld for
- Organisering av valdet/bestandsplanområdet
- Grunnlags- og bestandsdata for valdet/bestandsplanområdet
- Evaluering av føregåande planperiode
- Målsettingar
- Handlingar
- Avskytingsplan og reaksjonsbestemmingar
- Interne regler for handtering av feilskyting/ avvik på meir enn 10% av den årlege kvote på jaktfelt/ valdnivå i bestandsplanområda.

I tillegg bør bestandsplanane også innehalde ein beskriving av beiteskadeproblematikk, eventuelle verneområde og omfang av viltpåkøyrsler innanfor planområdet og på kva måte utfordringar knytt til dette skal tas omsyn til i planperioden.